

Vinje kommune kommuneplanens arealdel

2011 - 2023



Plandokument

*Vedteke av kommunestyret i Vinje 1.
september 2011, sak 11/75*

1. FORORD

Kommuneplanen sin arealdel for Vinje kommune, vart sist revidert i 2004. Revisjonen gjeld i fyrste rekkje område utanfor sentra og dei tunge utbyggingsområda i kommunen: Det ligg føre eigne kommunedelplanar for Edland/ Haukeli, Åmot, Rauland, Rukkemo – Torvetjønn og Vågslid. Endringar av desse må skje gjennom revisjon av den einkilde planen, og er såleis ikkje ein del av dette planarbeidet.

Arbeidet med revisjonen av kommuneplanen sin arealdel gjeld dei store utmarksområda og grendene i kommunen. Her ligg det føre mange ulike arealbruksinteresser, som må vegast opp mot kvarandre. Overordna, nasjonale føringar og regelverk må følgjast opp, samstundes som dei lokale tilhøva skal leggjast vekt på for å få ei framtidretta arealforvaltning.

Nye krav til utgreiingar, dokumentasjon og prosess i Plan- og bygningslova (2008), er lagt til grunn i arbeidet. Samstundes har ein søkt å halde tett dialog med PLM - utvalet som har ansvaret for den politiske handsaminga fram til planen skal leggjast fram til handsaming i kommunestyret. Ulike tema har vore lagt fram til drøftingar i PLM - utvalet. Innspel frå desse drøftingane saman med administrasjonen sine faglege synspunkt er lagt til grunn for planframlegget.

2. INNHALD

1.	FORORD.....	2
2.	INNHALD.....	3
3.	INNLEIING	5
3.1	Bakgrunn	5
3.2	Prosess	5
	Varsling av oppstart/ høyring av planprogram	5
	Tema til drøftingar i plan- og miljøutvalet. Notat og analysekart.	6
4.	INNSPEL	8
4.1	Generelle innspel til planarbeidet	8
	Svein Ekre	8
	Statens Vegvesen.....	8
	Naturvernforbundet i Telemark.....	9
	Vinje AP.....	9
	Vinje FRP.....	10
	Rauland og Vinje bonde- og småbrukarlag	10
	Per Kåre Kvålen	11
	Bergvesenet	11
	Alexander Stettin.....	12
	Telemark Fylkeskommune	12
	Fylkesmannen i Telemark	12
	Norges vassdrags og energidirektorat, NVE	13
	Bøgrend grendelag og Mogane grendelag.....	14
	Vinje skogeigarlag.....	14
4.2	Innspel med konkret ønskje om tiltak/ utbygging.....	15
5.	PLANOMTALE.....	17
5.1	Oppbygging av matrise for konsekvensutgreiingar	17
5.2	Tema i konsekvensutgreiinga	18
	Biologisk mangfald	18

Jord, skog og jakt	18
Landskap	18
Kulturminne/ kulturmiljø	19
Villrein	19
Inngrepsfrie naturområde - INON	19
Verneområde	20
Nærleik til grend.....	20
Sol, utsikt, lokalklima.....	20
Risiko og sårbarheit.....	20
Friluftsliv	21
Barn og unge	21
Tilkomst	22
Næringsliv og busetjing.....	22
Møsstrand.....	22
Status i framlegg til regionalplan Hardangervidda.....	23
5.3 Utarbeiding av Analysekart – ”Grønt kart”	24
Registreringskart	24
Analysekart.....	25
5.4 Andre tema i planarbeidet.....	26
Massetak.....	26
Spreidd busetjing og yrkesbygg i grendene.....	26
Infrastruktur, samferdsel	26
Eksisterande planar.....	27
Byggjegranser til vatn	27
Byggjeskikk, frådeling av tomter	27
Vidareføring av område med høve for spreidd hyttebusetnad – SH.....	27
Utbyggingsområde Øyfjell	28
Klima og energi.....	28
5.5 Strategi for arealbruk	29
6. VEDLEGG	30
7. Prosess/ politisk handsaming.....	30

3. INNLEIING

3.1 Bakgrunn

Alle kommunar er gjennom Plan- og bygningslova pålagt å utføre ei løpane kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga innanfor sine område. *Kommuneplanen* er det overordna plandokumentet til kommunen.

Kommuneplanen sin arealdel er ein del av den langsiktige delen, som skal byggje på overordna kommunale mål og nasjonal arealpolitikk. Arealdelen er ein *oversiktsplan*, i motsetnad til reguleringsplanar (områdeplan eller detaljplan).

Arealdelen med plankart og tilhøyrande føresegner er eit juridisk bindande dokument: Det kan ikkje setjast i verk tiltak/ bygging eller frådelling til andre føremål enn det som går fram av plankart med føresegner.

3.2 Prosess

Varsling av oppstart/ høyring av planprogram

Plan- og miljøutvalet vedtok 13.02.08 at ein skulle rullere kommuneplanens arealdel og kommunedelplanane Rukkemo – Torvetjønn og Vågsli i denne kommunestyreperioden. Oppstart av planarbeid vart vedteke 25.08.08. I same møte blei det vedteke å leggje framlegg til program for planarbeidet ut til offentleg ettersyn. Planprogrammet vart endeleg godkjend i plan- og miljøutvalet 22.04.09.

I planprogrammet er gjort greie for ein prosess der planadministrasjonen utarbeider framlegg til ny arealdel til kommuneplanen og legg dette fram for plan- og miljøutvalet. Plan- og miljøutvalet handsamar framlegget, og vedtek å leggje det ut til offentleg ettersyn med eventuelle endringar. Planprogrammet legg ikkje opp til folkemøte om planprosessen før planframlegget vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Tema til drøftingar i plan- og miljøutvalet. Notat og analysekart.

I planprogrammet er det gjort greie for fleire tema ein ønskjer å ta opp i samband med rullering av kommuneplanens arealdel. Ikkje alle tema er tekne opp. Mellom anna er eit prosjekt om terrenginngrep ikkje gjort mykje med. Det har si bakgrunn i at temaet er serleg aktuelt i satsingsområda i kommunedelplanane Vågslid og Rukkemo – Torvetjønn. Her ser det ikkje ut til å vere mange innspel om nye byggeområde. Ein ønskjer likevel å sjå nærare på temaet ved eit seinare høve.

Dei andre tema er handsama i fem notat : Notat om massetak, notat om reguleringsplanar, notat om storleik på hytter, byggeskikk mm, notat om tiltak langs vassdrag og notat om frådelling av hyttetomter. Sjå vedlegg. Dei mest konkrete framlegga i notata er tekne med som føresegner eller retningslinjer i planframlegget. Ut over det må ein rekne notata som ”forarbeid” til kommuneplanens arealdel, og føringar for sakshandsaming i planperioden. Sjå òg omtale av nokre tema under pkt. 5.4.

Undervegs i arbeidet med planframlegget har administrasjonen og plan- og miljøutvalet hatt tre ekstraordinære møte : 9.12.09, 03.02 og 09.03.10. Formålet med møta var å drøfte aktuelle tema undervegs i planarbeidet, både for at plan- og miljøutvalet skulle være meir førebudd når det endelege planframlegget vart lagt fram, og for at planadministrasjonen skulle få fleire synspunkt og idear i høve til dei aktuelle tema. Sjå referat frå desse møta, som vart sende ut i sommar. På møta har administrasjonen lagt fram utkast til nokre av dei notata som er nemnde ovanfor.

Etter idè frå plan- og miljøutvalet har det blitt utarbeida eit ”analysekart” med overordna føringar som grunnlag for drøftingane i utvalet. Sjølv om ideen kom frå plan- og miljøutvalet, er det administrasjonen som har bestemt den endelege forma kartet har fått. Arbeidet med dette analysekartet har vore nyttig, og det har vore fruktbare drøftingar i plan- og miljøutvalet . Analysekartet har òg blitt brukt ved vurdering av innspel om hyttetomter. Sjå òg omtale av arbeidet med analysekarta under pkt. 5.3. Karta kan ein sjå på heimesida under ”Arealplanar” eller ”Nytt og aktuelt”.

I drøftingane i dei ekstraordinære møta var det ikkje full semje om alt. Det har vore ulike meiningar om ein skulle skipe til folkemøte undervegs i prosessen før planframlegget var

ferdigstilt. Det har òg vore ulike meiningar om utarbeiding av analysekartet. Somme ynskte ein klarare grense mot ein inngrepsfri sone.

Analysekart og alle innspela til planarbeidet vart sendt ut til medlemane i plan- og miljøutvalet i juni, fire månader før planframlegget vart lagt fram til 1.gongs handsaming.

4. INNSPEL

4.1 Generelle innspel til planarbeidet

Oppstart av arbeidet med arealdelen vart varsla samstundes som framlegg til planprogram vart lagt ut på høyring. Innkomne innspel til planarbeidet gjeld i fleire høve både merknader til planprogram og innspel til sjølve planutarbeidinga. I sak 09/65 der planprogrammet vart vedteke, er det gjort ei samanstilling av dei generelle innspela, saman med kommentarar/ vurderingar. I vedtaket vart det vidare sagt at ein ved utforming av framlegg til revidert arealdel og kommunedelplanar, må vurdere dei generelle innspela som har kome ved oppstart av arbeidet. Ein har i det følgjande gjort ei enkelt samanstilling av desse, saman med vurdering/ kommentar der dei er relevante for arealdelen.

Svein Ekre

Vatn og vassdrag har sterkt fokus i arbeide med Vassdirektivet. Det er då naturleg at dette vert innlemma i kommuneplanens arealdel.

Vurdering/ kommentar:

Arbeidet med vassdirektivet er i gang i Telemark, men Fylkesmannen seier dei så langt har lite erfaring med korleis vassdirektivet kan knytast til arbeidet med arealdelen. Ein har med bakgrunn i dette kome fram til temaet må vurderast ved neste revisjon av arealdelen.

Statens Vegvesen

Vegvesenet si interesse i dei overordna arealplanane er i fyrste rekkje knytt til trafikktryggleiken langs riks- og fylkesvegane i kommunen. Arealdisponeringa må vurderast i høve til om den vil generere ferdsel langs veg, samt kryssing av veg. Trygg skuleveg er òg viktig i den samanheng.

Vegvesenet er elles samde med Fylkesmannen i at det bør utarbeidast plan for masse- og steinuttak, for å få betre styring på nyetableringar.

Vurdering/ kommentar:

Tilkomst er eit tema i konsekvensutgreiinga (matrisene) der trafikktryggleik er vurdert.

Planarbeidet omfattar ikkje områda som er omfatta av kommunedelplanar, og såleis ikkje områda med tung turistutbygging. Eige punkt om massetak går fram av planomtala i kap. 5.

Naturvernforbundet i Telemark

Meiner at ein del tema ikkje har klare strategiar: Bustadbygging skal konsentrerast til sentra i kommunen, samstundes som det skal kunne byggjast i grendene. Uklart.

Strategi for hyttebygging: Naturvernforbundet meiner at hyttebygging ikkje må sjåast på som ein næringsveg i kommunen. Hyttebygging gjev berre kortvarige effektar i lokalmiljøet og gjev varige reduksjonar i kvaliteten på naturmiljøet.

Meiner vidare at høve til å dele frå 1 – 2 tomter ved sal av gardsbruk, må avgrensast, t.d. ved at det bare gjeld for eitt sal. Alternativt at det gjeld ein tidsavgrensa periode for å stimulere til sal av gardsbruk for å få til busetjing.

Når det gjeld arealbruksstrategiar – bygging mot vassdrag, meiner naturvernforbundet at ein her må vere meir konkret. Byggjegrænse bør evt. vere differensiert i høve til vassdragets storleik.

Naturvernforbundet rår sterkt til at dei verdfulle verna områda i kommunen vert hegna om og at ein òg er restriktiv i randsonene til desse.

Vurdering/ kommentar: Innspelet vert teke til vitande. Omsyna er søkt teke omsyn til og ein syner til planomtala i kapitel 5 i høve til det einskilde tema i konsekvensutgreiinga, samt utarbeidd analysekart.

Vinje AP

Meinar det bør avsetjast tilstrekkeleg areal for bustad- og industritomter i alle dei tre senterområda i von om ei vidare utvikling i Vinje. Ved framtidige bustadbygging må ein stimulere til bygging i regulera byggefelt. Ap vil vurdere høve for sal av bustader som ligg utanfor bustadfelt til fritidsbustader. Dei peikar vidare på at det må opprettast dekkande utbyggingsavtaler mellom kommunen og utbygger/grunneigar for nye større hyttefelt, fellesgodefinansieringa må koma på plass. Dei meiner det i samband med sal av landbrukseigedomar må opnast for sal av hyttetomt i samband med generasjonsskifte. Det må utarbeidast ei oversikt over sand og steinressursar, som er ein viktig ressurs. Det må setjast av areal for gang og sykkelveggar jfr. trafikksikringsplanen.

Det må sikrast areal for utvikling/omlegging av E 134 frå Åmot - Tokke kommune grense og opp langs med vestsida av Vinjevatn, med ei løysing av trafikken gjennom Åmot. Det må vidare sikrast areal for Høgfartsbanen gjennom heile Vinje kommune.

Dei går òg inn for at det vert utarbeid ein kommunedelplan for Øyfjell.

Ber om at planen opnar for standardheving og høve til tilbygg til eksisterande hytter som ligg mindre enn 50 meter frå vatn/ vassdrag. Dette av omsyn til komfort og miljø, samt å unngå at desse vert ståande til forfall i framtida. Nybygging i 50 meterssona skal framleis vere forbode.

Vurdering/ kommentar:

Vidare utvikling av Åmot sentrum og bustad/ industrietableringar i sentrumsområda må vurderast i samband med kommunedelplanane for områda. Framlegget til arealdel vidarefører ønskje om framleis spreidd busetjing i Vinje kommune. Frådeling av hyttetomter i samband med generasjonsskifte/ arv er nytta som eit moment ved vurdering av dei konkrete innspela til arealdelen.

Når det gjeld tema samferdsel, syner ein til eige punkt om dette i planomtala kap. 5. Ved etablering av nye massetak i kommunen må det utarbeidast reguleringsplan. Ein har ikkje kartfest konkrete område, men lagt inn hensynssone for viktig geologisk ressurs langs vegen mellom Åmot og Rauland. Ein syner eller til eige notat om temaet, som følgjer vedlagt. Fellesgodefinansiering er mest aktuelt i dei tunge utbyggingsområda for fritidsbusetnad i kommunen og er ikkje omtala nærare i arbeidet med arealdelen.

Ved bygging nær vassdrag, syner ein til vedlagt notat om dette, samt føresegner. Ein eigen kommunedelplan for Øyfjell har vore drøfta i planutvalet. Konklusjonen var at ein ikkje ønskjer eit slikt planarbeid nå.

Vinje FRP

Kjem med innspel til tema i planprogrammet, om prosessen og korleis handtere reguleringsspørsmål som ikkje er avklart i arealdelen.

Vurdering/ kommentar: Innspelet tek opp meir planprinsipielle spørsmål, som ein ikkje går nærare inn på her. Administrasjonen tek utgangspunkt i gjeldande regelverk.

Rauland og Vinje bonde- og småbrukarlag

Meiner at jordvernet i kommunen må hevdast strengt, at kulturlandskapet må sikrast, støylar ikkje må byggast ned og at eksisterande beiteområde må vernast mot utbygging. Dei ønskjer ei evaluering av hyttebygginga i kommunen. Rolegare utbyggingstakt, inga opning av nye hytteområde, ei vurdering av utnyttingsgraden i vedtekne reguleringsplanar,

ei vurdering av trongen for gjerding mellom hytte- og beiteområde der det er konflikt og ei konsekvensanalyse for beiteområde med fritidsbruk av dei same områda, merking av stigar og løypar.

Dei peikar til slutt på at gang- og sykkelveggar i kommunen må prioriterast der slike ikkje finst.

Vurdering/ kommentar: Dei tema som er nemnt i innspelet har vore sentrale tema i planarbeidet. Ein syner til nærare omtale i kapitel 5. Når det gjeld gang- og sykkelveggar i kommunen, syner ein til trafikktryggleiksplan frå 2008, der prioritering av tiltak går fram. Når det gjeld prinsippet om gjerding i hyttefelt, har ein fylgd prinsippet som er lagt i sak 09/93 i Plan- og miljøutvalet, om at det ikkje skal setjast opp gjerde innanfor regulerte hytteområde. Spørsmålet om inngjerding mellom hytte- og beiteområde har vore drøfta, utan at ein har konkludert.

Per Kåre Kvålen

Det er fire lovlege steinbrot/ massetak i kommunen, og det er nok til å dekke behovet.

Kommunen må få kontroll over ulovlege uttak. Det vert gjeve dispensasjonar og det er ikkje like strenge vilkår for alle.

Vurdering/ kommentar: Viser til eige tema om massetak i kap 5.4. samt vedlagt notat om temaet. Gjeldande reguleringsplanar for godkjende/ etablerte steinbrot er lagt inn i plankartet. For etablering av nye uttak ligg det føre plankrav.

Bergvesenet

Bergvesenet merkar seg at både næringa og fylkesmannen etterlyser ein plan for masse- og steinuttak, for å få betre styring med nyetableringar.

Dei rår til at ein gjer ei oppstilling av dei områda som er regulert til råstoffutvinning eller som er under handsaming, samt dei områda som er registrert som viktige mineralske førekomstar. Desse områda bør avsettast til område for råstoffutvinning i arealplanen.

Dei rår til at ein tek inn i føresegnene at det må liggje føre godkjent reguleringsplan før eit område kan takast i bruk til massetak. Det må òg krevjast reguleringsplan ved utviding av eksisterande massetak.

Vurdering/ kommentar: Det er utarbeidd eit eige notat med vurderingar av massetak/ steinbrot i kommunen. Temaet er i tillegg omtala i kap. 5.

Alexander Stettin

Peikar på etablering av Haukelibanen som viktig for sikre Vinje kommunes tilgang til framtidstretta samferdsel. Han meiner arealdelen bør vise traseen for høgfartsbane som ein korridor, som ikkje må forstyrrast av konkurrerande arealbrukskategoriar. Vidare bør ein avsetje eit område for sentrumsformål kring stasjonsstaden, i samråd med Norsk bane.

Vurdering/ kommentar: Ein visar til eige punkt om infrastruktur og samferdsel i kap. 5.4.

Fleire alternative trasear for høgfartsbane har vore lagt fram, i ulike område, utan at det er konkludert. Ein har difor synt trase for høgfartsbane som informasjon i plankartet.

Telemark Fylkeskommune

Alle kjende automatisk freda kulturminne bør merkast av på plankartet. Det kan vere ein fordel å kartlegge kulturminne i område ein tenkjer seg å legge ut byggjeområde. Om ein ikkje gjer det vil arealbruken i høve til kulturminne bli avklart seinare ved handsaming av detaljplanar. Føresegnene må seie at alle framlegg til planar innafor området skal sendast fylkeskommunen til fråsegn, jfr. kulturminnelova § 9.

Dei ser positivt på at kommunen har som strategi å unngå utbygging i område som er viktig i høve til kulturminne, verdifulle kulturmiljø, kulturlandskap og støylsområde. Omsynet til villreinen og friluftsområda i fjellet er viktige nasjonalt og regionalt. Fjellområda er òg viktige for reiselivet i Telemark. Fylkeskommunen støtter framlegget om å auke inngrepsfri sone langs vatn og vassdrag frå 50 til 100 m . Kommunen sine målsettingar for utvikling av senterstruktur, bustadbygging og hytteområde i planprogrammet er eit bra utgangspunkt.

Vurdering/ kommentar: Innspelet vert teke til vitande. Omsyna er søkt teke omsyn til og ein syner til planomtala i kapitel 5 i høve til det einskilde tema.

Fylkesmannen i Telemark

Planen må ta omsyn til føringane i St. meld om regjeringas miljøpolitikk og Rikets miljøtilstand. Det må gjerast ein miljørevisjon av gamle reguleringsplanar. Det må takast omsyn til villreinen, randsone mot verne- og villreinområde bør vere 3 km. Biologisk mangfald må være tema i KU. I høve til den europeiske landskapskonvensjonen må landskapsvurderingar vere eit tema i KU. Verneområde leggjast inn som bandlagte områder i plan. Støyavklaringar presenterast som støysoner, (skjotebaner, steinbrot/massetak,

vegtrafikkstøy frå E 134). Ein må fremje ålmenta sine friluftsiresser. Verna vassdrag må takas omsyn til både i plankart og føresegner. Fylkesmannen rår til ei byggjegrense til vatn og vassdrag på 100 m, men kan fråvikast i utvalde område. Kommunen må syte for at det ikkje skjer inngrep som fører til vidare reduksjon av INON. RPR for born og unge må leggjast til grunn i arbeidet. I høve til Universell utforming må det leggjast vekt på tilgang og bruk for alle. Ein bør registrere kjerneområde for jordbruk. Risiko og tryggleik bør være ein grunnleggande premiss i planarbeidet.

Vurdering/ kommentar: Innspelet vert teke til vitande. Omsyna er søkt teke omsyn til og ein syner til planomtala i kapitel 5 i høve til det einskilde utgreiingstema i konsekvensutgreiingane, samt utarbeidd analysekart.

Norges vassdrags og energidirektorat, NVE

Peikar på at alle vassdrag må avmerkast tydeleg i plankartet, dei rår til at vatn og elvar vert lagt ut som område for særskilt bruk eller vern av vassdrag. Byggjegrense til vatn og vassdrag bør aukast til 100 meter. For dei verna vassdraga bør heile nedbørsfeltgrensa merkast av i plankartet med heiltrekt blå strek med hakar vendt inn i nedbørfeltet, arealet i vassdragsbeltet langs vasstrengen bør regulerast til LNF med hensynssone.

Potensiell skredfare skal være identifisert i kommuneplan. Det bør gjerast ei grovmaska vurdering av flaumfaren for ein 200 års-flaum. Høgde og avstand til vassdrag bør omtalast i KU. Dei anbefalar å lage eit temakart for skredfare. Det må gå fram av KU at ein har gjort vurderingar av flaum og skredfare.

NVE anbefalar at alle eksisterande kraftverk med tilhøyrande dammar m.m. regulerast til byggjeområde kraftanlegg i kommuneplan, det bør òg gjelde småkraftverk (dei kan evt. leggast som bandlagt område).

Vurdering/ kommentar: Innspelet vert teke til vitande. Ein syner til eige vedlagt notat om byggjegrenser til vassdrag, samt omtale om temaet i kap. 5. Fare for ras/ skred er lagt inn i analysekart og lagt til grunn i vurderingane. Område kring dammar og kraftverk er lagt inn som byggjeområde i arealdelen. Flaum er vurdert i samband med kvart enkelt innspel, på overordna nivå. I tillegg er det krav om ROS – analyse i samband med utarbeiding av reguleringsplanar/ detaljplan. Verna vassdrag er lagt inn i arealdelen slik NVE rår til.

Bøgrend grendelag og Mogane grendelag

Dei peikar på samspelet mellom arealdisponering og utvikling i bygdesamfunnet – utviklinga i landbruket, fornying i befolkninga og oppretthalde/utvikle nye arbeidsplassar. Ein bør få dei bøndene som er at i kommunen til å få ei kjensle av at dei er ein viktig ressurs. Ein bør stimulere til å ta i bruk landbruksarealet i kommunen, samarbeid mellom grunneigarar for etablering av jordbruksverksemd og organisering til større einingar og nye etableringsformar som gjer landbruket til ein attraktiv arbeidsplass/næring.

Plukke ut område ueigna til landbruksformål, med tanke på tilrettelegging for spreidd bustadbygging og næringsareal. Folk skal få byggje der dei har lyst til å bu, og tomtene bør vere trivelige.

Tenke nytt i høve til bustadbygging utanfor tettstadene, mellom anna kommunal utbygging av infrastruktur, kommunale små huskrullar med fleksibel storleik på tomtene, setje av areal i kommuneplanen til bustader, næringsbygg og omsorgsbustader.

Evt. nye trasear for E 134 og høgfartsbane må vere tema. Ein bør implementere skjøtselsplanen (fylkesdelplanen) for Tokke - Vinje vassdraget.

Vurdering/ kommentar:

Ein syner til vurderingane som er gjort til innspelet i samband med handsaming av planprogrammet, PLM – sak 09/65. Tema som er omtalte i høve til grendeutvikling kunne vurderast i ein områdeplan, på eit anna detaljnivå enn det arealdelen for heile kommunen gjer. Når det gjeld ny trase for E134 syner ein til generell omtale av dette i PLM – sak 09/65. Høgfartsbanen er synt som informasjon i arealdelen. Traseen må seinare avklarast gjennom eigen kommunedelplan.

Vinje skogeigarlag

Dei ber om at det blir teke omsyn til primærnæringane når ein legg ut nye hyttefelt. Det er viktig å tenke på korleis ein skal koma til og frå beiteområda med dyr og korleis ein skal få tømmer ut av skogen.

Vurdering/ kommentar:

Landbruksinteressene har vore eit viktig tema i planarbeidet, og ved utarbeiding av analysekartet som har vore lagt til grunn for vurderingane. Ein syner til kapittel 5 og omtale av mellom anna analysekart.

4.2 Innspel med konkret ønskje om tiltak/ utbygging

Innspela nedanfor gjeld konkrete ønskje/ søknader om utbygging eller andre tiltak som avklarast i kommuneplanen sin arealdel. Innspela er vurdert og konsekvensutgreia i eigne dokument/ matriser, i 4 ulike dokument, fordela geografisk:

Del 1: Møsstrond – Kromvikvegen

Del 2: Kostveit – Våmartveit – Vinje

Del 3: Arabygdi – Edland – Bykleheia

Del 4: Øyfjell

Del 5: Nye innspel 2011

Tema som er lagt til grunn for vurderingane/ konsekvensutgreiingane for kvart innspel, vert nærare omtala i neste kapitel 5.

Del 1

1. Adv. Torodd Frømyhr på vegne av Unni Poulson, 164/3
2. Thomas Vågen, 167/1
3. Eli S. Thorud, 169/7
4. Hege Øien Langelid, 169/6
5. Brødrene Dagalid AS, 158/7, 158/13
6. Carsten Holtermann for A/s Bosbøen Jagtseskap, 157/1-4
7. Sveinung Midtgarden, 157/12
8. Magne Kaasa på vegne av Knut Nylend, 158/1
9. Jorunn og Kåre Skinnarland, 148/4
10. Ark. Børve og Borchsenius på vegne av Einar Gardsteig, 160/5
11. Raunerobeitet Sameige v/ Gunnhild Gardsjord, 138/5
12. Oline Birgitte og Johans Tveiti, 139/4
56. Sonja Horn, 156/1

Del 2

13. GM Service på vegne av Helge Tjønn, 50/4
14. GM Service på vegne av Halvor Kostveit, 50/11, 12
15. GM Service på vegne av Hallgeir Kostveit, 50/1
16. Ragnhild Kielland, 46/1
17. Ragnhild Kielland, 46/1
18. Anne og Torgeir /Svein Tjønn, 46/4
19. Halvor Øygarden, 42/1
20. Gjermund Nordskog, 47/3
21. *Utgått undervegs i prosessen*
22. Liv og John Arild Hovden, 28/3
23. *Utgått undervegs i prosessen*
24. Kjetil Nessæther, 59/1
25. Bjørn Hustveit/ Olav Juvland, 51/2
26. "Liv i Vinje", 26.05.10
27. Jan Haugen, 65/18
59. Jon Erling Øygarden, 43/1

Del 3

28. Sigmund Romtveit, 84/8
29. Anne Karin Berget for Gunvor Berget, 126/5,8, 6
30. GM Service på vegne av Olav Bratland, 88/2
31. Tone Lyslid, 88/133
32. Dina Tverrås, 88/9
33. Knut Haugen, 89/2
34. Knut Olav Edland, 88/20
35. Per Kåre Kvålen, 96/1
36. Sondre Gardsteig, 92/2
37. Gunn Sigrud Midtveit Ekre og Svein Ekre, 86/1
38. Jon Bakken, 98/1
39. Odd Fjellestad, 91/10
40. Gerd-Karin Bjåen, 96/4
41. Aslak Vågslid, 98/2
55. Knut Kastet, 95/3
57. Johan From, 98/3

Del 4

42. Stein Sandok, 12/4
43. *Utgått undervegs i prosessen*
44. Tokke kommune
45. Olav Veslestaul, 108/5
46. Øyfjell Skyttarlag v/ Ole Kr Nyhus
47. Signe Sjursen, 108/2
48. Mari og Helge Rorgemoen, 110/3
49. Hilmar Ekre, 113/7
50. Terje Stavåsen, 118/48
51. Thor Tjønnås, 118/46
52. Dorthe Huitfeldt og Oddbjørn Carlsen, 114/1
53. Gunnar Eilefstjønn, 119/1 og 119/3
54. Sven Arntzen, 119/35
58. Margit Lid, 33/5

Del 5

60. Anne Johanne Dyrland, 168/4 og 6
61. Herdis Lien, 163/1
62. Bjørn Hove, 160/12
63. Sigrun og Bjørn Killingtveit, 159/1
64. Kjell Arne Sagaas, 158/37
65. Sveinung Midtgarden, 157/14
66. Bjørn Fetveit og Kari Fetveit, 62/1, 18
67. Halvor Midtveit, 83/4
68. Gøran Moen, 118/55
69. Sven Arntzen, 119/ 35
70. Aslak Lofthus, 56/1, 3
71. Rikard Romtveit, 67/11
72. Signe Gardsteig, 123/ 30, 31, 32
73. Halvor Nordjordet, 126/11

5. PLANOMTALE

5.1 Oppbygging av matrise for konsekvensutgreiingar


















Konsekvensutgreiinga er framstilt i matriseform. Tabell øvst på s. 1 i kvart innspel er generelle opplysningar om innspelet: Innspelsnummer, gardsnummer/ bruksnummer (gnr./ bnr.), søkjar, kva det vert søkt om, status i gjeldande arealdel, samt status i området i dag.

Karta som er lagt inn på fyrste side av innspelet er:

Oversiktskart til høgde: Syner kor i kommunen innspelet ligg.

Kart på venstre side: Grunnlagskart, der innspelet er markert med farge i høve til type arealbruk. I tillegg er informasjon om ulike interesser, henta frå tilgjengelege databasar på nettet er synt (vist til under omtale av kvart einskild tema i kap. nedanfor). Teiknforklaring for dette kartet er synt til høgde.

Nederst på sida er det lagt inn flyfoto der det aktuelle området er ringa inn.

1 Innspillnummer	
Tema	
Inngrepsfrie naturområder (INON)	
	1 - 3 km fra inngrep
	3 - 5 km fra inngrep
	> 5 km fra inngrep
Villrein	
	Villreinens leveområder
	Villreinens trekkveier
Kulturminner	
	Freda bygninger
	Automatisk fredet
	Automatisk fredet
	Kulturminne linjer
	Meldepliktig bygning
	Ikke meldepliktig bygning
	Ruin eller fjernet bygning
Kartinformasjon	
	Eiendomsgrensar
Ønsket utbygging	
	Hytte
	Bolig
	Annet
	Usikker plassering

Matrise på s. 2 for kvart innspel inneheld fylgjande:

Opplysningar om arealbruksinteresser i området, med tilhøyrande konsekvensutgreiing av kvart innspel i høve til ulike interesser (omtala i kapittel under – utgreiingstema). I siste del av matrisa er det synt til kategori området har i landskapskart utarbeidd av Asplan Viak. I dei områda som er omfatta av arbeidet med regionalplan Hardangervidda, er det i tillegg synt til status det aktuelle området har i *framlegg* til regionalplan.

Matrise nedst på s. 2 for kvart innspel – resultat syner til kva status det aktuelle området har i analysekartet. I konklusjonen har ein oppsummert konsekvensutgreiingar, og synt til kva hovudomsyn som ligg til grunn for konklusjonen. I siste rad går det fram kva arealbrukskategori ein gjer framlegg om i arealdelen. Arealstrategiar som ein har lagt til grunn, går fram av kap. 5.5.

5.2 Tema i konsekvensutgreinga

Biologisk mangfald

Temaet er vurdert ut frå ”Plan for biologisk mangfald i Vinje kommune, Telemark 2002”. I tillegg har ein nytta artsdatabasen til DN (direktoratet for naturforvaltning) som grunnlag i vurderingane, samt MIS (Miljøregistreringar i Skog). I høve til sårbare og truga artar, samt villrein, har ein for innspel på Møsstrand bruka opplysningar og synt til konsekvensutgreiing som vart utarbeidd i 2000, i samband med revisjon av arealdelen.

Oppdaterte opplysningar om sårbare og truga artar – rovfugl, har ein fått oversendt frå Fylkesmannen i Telemark.


Jord, skog og jakt

Temaet er vurdert etter arealressursdata frå Skog og landskap – www.skogoglandskap.no, som visar bonitet og dyrkamark i fleire kategoriar.

Landskap

Tidleg i planprosessen utarbeidde Asplan Viak eit kart med ei grov landskapsanalyse over heile kommunen: ”En tredimensjonal beskrivelse av terrengform. Hovedtrekkene i landskapet basert på 10 ulike klasser.” Illustrasjon syner dei 5 aktuelle terrengformene i Vinje:

Vurderingane av innspela tek utgangspunkt i dei overordna klassene, som òg er referert i nedste del av matrisa. For kvart enkelt innspel er vurderingar i høve til landskap er òg gjort med bakgrunn i synfaringar, grunnlagskart og flyfoto.



Kulturminne/ kulturmiljø

Opplysningar om kulturminne tema er henta frå databasen Askeladden:

<http://www.kulturminnesok.no/>.

Villrein

Opplysningar om leveområda for villreinen i kommunen er henta frå Norsk villreinsenter sør og er lagt til grunn i analysekart og i konsekvensutgreiingane. Når det gjeld område som er omfatta av pågåande arbeid med regionalplan for Hardangervidda, har ein lagt til grunn Vinje kommune sitt framlegg til grense for nasjonalt villreinområde, jfr. sak i Plan- og miljøutvalet 09/138 – Vinje kommune sitt innspel til Regionalplan Hardangervidda. Saka følgjer vedlagt.

I arbeidet med regionalplan har kommunen teke utgangspunkt i habitatkarta som syner potensielt viktige kalvings-, vinterbeite- og sommarbeiteområde. Dette har vore viktig informasjon som er nytta både i samband med regionalplanarbeidet og ved vurdering av kvart enkelt innspel i arealdelen.

Undervegs i prosessen har ein hatt drøftingar med Vinje kommune sine representantar i arbeidsutvalet i regionalplanarbeidet. I tillegg har ein vore på synfaring på Møsvatn saman med arbeidsutvalet, der relevante problemstillingar kring forvaltning og utvikling av Møsstrondsamfunnet vart drøfta.

Inngrepsfrie naturområde - INON

Inngrepsfrie naturområde er område som ligg ein kilometer eller meir i luftline frå tyngre tekniske inngrep. Inngrepsfrie naturområde er delt inn i soner basert på avstand til næraste inngrep:

Villmarksprega område: Område fem kilometer eller meir frå tyngre tekniske inngrep (mørkegrøne område i registreringskart).

Inngrepsfri sone 1: Område mellom tre og fem kilometer frå tyngre tekniske inngrep (mellomgrøne område i registreringskart).

Inngrepsfri sone 2: Område mellom ein og tre kilometer frå tyngre tekniske inngrep (ljosegrøne område i registreringskart).

Tiltak og anlegg definert som tyngre tekniske inngrep:

- Offentlege vegar og jernbaneliner med lengde over 50 meter, unnateke tunellar.
- Skogsbilvegar med lengde over 50 meter.
- Traktor,- landbruks,- anleggs- og setervegar og andre private vegar med lengde over 50 meter.
- Gamle ferdsselsvegar rusta opp for bruk av traktor tilsvarande traktorveg klasse 7/8 eller betre standard.
- Kraftliner bygd for spenning på 33 kV eller meir.
- Massive tårn og vindturbinar.
- Større steintippar, steinbrot og massetak.
- Større skitrekk, hoppbakkar og alpinbakker.
- Kanalar, forbygningar, flomverk og røyrgater i dagen.
- Magasin (heile vatnkonturen ved høgste regulerte vasstand), regulerte elvar og bekkar.

INON – data (versjon 2008) er lasta ned frå DN sine heimesider: www.dirnat.no.

Verneområde

Verneområda i Vinje kommune er lasta ned frå www.dirnat.no. Desse er merka i plankartet med eigne hensynssoner og går fram av føresegnene.

Nærleik til grend

Temaet er vurdert ut frå kart og synfaringar.

Sol, utsikt, lokalklima

Temaet er vurdert ut frå synfaringar og kart.

Risiko og sårbarheit

Temaet omhandlar tilhøve som ras/ skred, flaum, m.m. Data som er lagt til grunn for vurderingane når det gjeld ras/ skred er henta frå NGU – Skrednett:

<http://www.ngu.no/kart/skrednett/>. Dette er "aktsamheitskart" som seier noko om område som må vurderast nærare før evt. utbygging. I tillegg er temaet vurdert under synfaringar og med bakgrunn i grunnlagskart.

Hovudoverføringsliner for kraft som går gjennom kommunen er merka med hensynssoner (faresoner) i plankartet. Desse sonene er lagt 100 meter ut til kvar side av linene. Dette er maksimal tilrådd sone kring overføringsliner, jfr. NVE sin rettleiar "Bebyggelse nær høyspentanlegg". Ein har valt denne ut frå eit føre – var prinsipp.

Ved detaljplanlegging av utbyggingsområde må det utarbeidast risiko- og sårbarheitsanalyse, der dei lokale tilhøva vurderast nærare. Avstandar til mindre høgspentanlegg ved plassering av busetnad, omsyn til flaum m.m. må vurderast nærare her.

Tema som støy og forureining har ein ikkje sett på som aktuelle for dei tema og område som arealplanrevisjonen omhandlar, men kan vere aktuelt å ta opp i samband med reguleringsplanar, særleg i samband med massetak/ steinbrot. Det er ikkje lagt inn framlegg til massetak anna enn dei som ligg i gjeldande reguleringsplanar. Skjotebanane i Vinje kommune ligg anten i eigen reguleringsplanar (Bøgrend og Øyfjell) som går fram av plankrat og føresegner eller innanfor kommunedelplanane.

Friluftsliv

Temaet er vurdert ut frå kartgrunnlaget som visar f. eks DNT sine stiar. I tillegg har ein nytta dei lokale løypekartar som ligg føre for delar av kommunen, særleg på Rauland og Vågslid. Vidare er omsynet til strandsona og ferdsel langs denne, vurdert med bakgrunn i synfaringar og kartgrunnlag. Temaet er berre omtalt i KU – matrisa der det ligg føre særskilde tilhøve knytt til friluftsliv.

Barn og unge

Born og unge sine interesser er vurdert ut frå kartgrunnlag og synfaringar. Arealdelen er ein overordna plan og i mange høve har ein sett at temaet har liten relevans, t.d. ved vurdering av hytteområde. I mange av desse innspela har ein i KU – matrisa sagt at temaet er "lite relevant". Med dette er meint at det har lite å seie for vurdering på overordna nivå. Berre i dei tilfelle der området ligg nær t.d. Europaveg, steinbrot o.l., har ein sagt at lokalisering er negativt i høve til born og unge i høve til bruken av nærområde. For dei fleste område vil ei lokalisering av hytteområde i utmark ha mange positive verknader for born og unge i høve til friluftsliv og fysisk aktivitet, men dette har ein ikkje nemnd særskild, då det gjeld meir generelt. Ved detaljplanlegging av område for hytter, vil det vere aktuelt å vurdere tilhøvet til born og unge nærare i høve til mogleg tilrettelegging med interne løyper/ grøntkorridorar, evt. leikeareal/ aktivitetsområde. Dette er kanskje meir aktuelt i dei tunge utbyggingsområda i kommunen, og behovet må vurderast ved kvar enkelt plan.

Tilkomst

Temaet er vurdert ut frå opplysningar i innspel, samt kartgrunnlag, flyfoto og synfaringar. Vegvesenet sine haldningsklasser til avkøyringar er òg lagt til grunn i vurderingane.

Næringsliv og busetjing

Temaet er vurdert på eit generelt grunnlag. Hyttebygging har positive verknader for mange grunneigarar/ utbyggjarar, for sysselsetjing og tenestetilbod, og skatteinngang i kommunen.

Møsstrond

I pågåande arbeid med regionalplan Hardangervidda, er det frå Vinje kommune sagt at gardane og busetjinga på Møsstrond må leggjast særskild vekt på i høve til å sikre busetjing, jfr. sak i Plan- og miljøutvalet 09/138 – Vinje kommune sitt innspel til Regionalplan Hardangervidda (utdrag): *For folk på Møsstrond spesielt, men og for Vinje kommune, er fast busetjing på Møsstrond viktig.inntektsmoglegheitene for dei som bur rundt Møssvatn er knytt til gardane. Dei aller fleste driv med ulike kombinasjonar av landbruk, turisme, jakt og fiske, natur og kulturopplevingar. Det må leggast til rette slik at det er mogleg å vidareutvikle desse næringane. For å få til dette, må Møsstrond få særskilde rammevilkår.*

I førebels plandokument for Fylkesdelplanen (drøftingsdokument 13.07.2010) er Møsstrond innanfor sona "Fjell og fjordbygder" – med fast busetnad og høve for utbygging. Ved vurdering av innspel knytt til gardar på Møsstrond, er omsynet til busetjing og utviklingsmoglegheiter vektlagt særskild.

Status i framlegg til regionalplan Hardangervidda

I siste del av KU – matrisa, under "anna", er det synt til framlegg til regionalplan Hardangervidda (jfr. Drøftingsdokument 12.07.2010), for dei innspela som ligg innanfor dette planområdet. Kategoriane det er synt til går fram av tabell under.

Arealzone:	Karaktertrekk ved sonen:
A. Nasjonalparken og andre vernede områder	Omfatter nasjonalparken og andre alt vernede områder.
B. Nasjonalt villreinområde	Omfatter det nasjonale villreinområdet for Hardangervidda-stammen. Ingen nye fritidsbebygg tillates, og heller ikke utvidelse av eksisterende. Det gis muligheter for tiltak knyttet til landbruk og annen utmarksnæring.
C. Fjell og annen utmark	Områder utenfor det nasjonale villreinområdet som av hensyn til landskap, natur, friluftsliv og/eller nærhet til sårbare villreinområder ikke skal ha ny fritidsbebyggelse. Muligheter for tiltak knyttet til landbruk og utmarksnæring.
D. Stølsdaler og annen utmark (med mulighet for ny stedstilpasset bebyggelse)	Dalfører og skogsområder, ofte preget av tidligere stølsdrift. Alle disse områdene skal opprettholde sitt landskapspreg, men kan gis rom for forsiktig stedstilpasset nærings- og fritidsbebyggelse.
E. Fjell og fjordbygder (med fast bosetting og mulighet for ny bebyggelse)	Bygder innenfor planområdet preget av fast bosetting og landbruk med mulighet for ny bebyggelse for fast bosetting, næring og fritid.
F. Hyttesone	Sonen er dominert av fritidsbebyggelse, men har også viktige grønne strukturer. Den inkluderer både tette moderne utbyggingsområder og mer tradisjonelle enklere hytteområder. Noen servicefunksjoner kan også forekomme.
G. Reiselivssone	Sone med tett fritidsbebyggelse, alpinanlegg og/eller reiselivsbedrifter. Fast bosetting finnes også. Inkluderer i tillegg Lnf-områder og andre grønne strukturer.

I tillegg har ein lagt ved sak i Plan- og miljøutvalet 09/138 – Vinje kommune sitt innspel til Regionalplan Hardangervidda. Meir informasjon om arbeidet regionalplanen for Hardangervidda er å finne på: <http://www.fylkesdelplan-hardangervidda.no>.

5.3 Utarbeiding av Analysekart – "Grønt kart"

I drøftingar med PLM - utvalet undervegs i prosessen kom det fram ønskje om å synleggjere dei ulike "grøne interessene" i kommunen. Dette som ei grunnlag for å vurdere framtidig arealbruk, særleg med tanke på vidare hyttebygging.

Registreringskart

Som utgangspunkt for dette arbeidet, har ein samla relevante tema i eit "registreringskart".

Tema i registreringskart:

- Villrein (brun)
- INON (brun)
- Verneområder (brun)
- Verna vassdrag (brun)
- Snaufjell (brun)
- Bjørkeskogsbeltet (grå)
- Støylar i drift (grøne punkt med S)
- Inmark (Guloransje)
- Skog, middels og høg bonitet (grønt)
- Kulturlandskap (lilla skravur)
- Utbyggingsområde i nabo kommunar (oransje flater utafor Vinje)
- Elgtrekk (svarte piler)
- Dagens busetnad, differensiert på type busetting

Dei tema som vart lagt med brun farge, gjeld overordna, nasjonale interesser. Laga for "brune" tema vart så lagt transparente; dvs når fleire lag ligg oppå kvarandre vert fargen mørkare. Dette seier noko om "graden" av viktighet/ nasjonale interesser som er i området. Til mørkare brunt til fleire overordna interesser. Beiteområde er teke ut av kartet fordi dei dataene som låg føre, ikkje var fullstendige (synte berre organiserte beitelag). Støylar i drift er synt, rundt desse vil det vere beiteområde som er viktige for støylsdrifta. Støylane ligg stort sett i område som òg inneheld villrein og INON, snaufjell, eller i bjørkeskogsbeltet. Beiteområda kring støylane ligg difor ofte i dei brune områda i registreringskartet. Registreringskartet syner òg område som i dag er utbygd og type utbygging. Hytteområde

tett utbygd (oransje), hytteområde spreitt utbygd (ljøs oransje med oransje skravur), tettstad (raudt), grend (gult). Byggpunkt synast òg i kartet, ein ser då at det finst ulik type busetnad spreidd utanfor dei områda som er markert med flater (byggeområde).

Analysekart


Analysekartet følgjer som ein del av planmaterialet og er eit viktig grunnlag som har vore nytta ved vurdering av områda. I analysekartet er opplysningane i registreringskartet vidareført og slege saman til hovudkategoriane "Ikkje eigna" (mørke grøne) og "Mindre eigna" (ljøse grøne) område. I tillegg er område med grender/ busetjing markert ut (kvite), samt hytteområde (oransje).

Dei mørkegrøne områda er areal som inneheld dei nasjonale interessene (villrein, INON, biologisk mangfald, verneområde, snaufjell). Sårbare og truga artar (rovfugl) er lagt inn med buffer til hekkeplass, 2 km radius til ørn/ jaktfalk og 1,5 km til fiskeørn/ fjellvåk. Desse områda går òg inn i den mørke grøne sona i analysekartet.

Dei ljøse grøne områda inneheld meir lokale interesser slik som vilttrekk, produktiv skog, m.m. Vurdering i høve til om området inneheld lite hytter, går inn i denne sona ("lite inngrep").

Teiknforklaring frå analysekartet går fram til høgre.

EIGNAHEIT

	GRENDER OG BUSETNAD Vurdering av utbygging må ta hensyn til bl.a.: - lokale interessar
	HYTTEOMRÅDE
	MINDRE EIGNA - område Område vurdert i forhold til: - lite inngrep dag - buffer mellom grender og hytteområde - skog, middels og høg bonitet - bjørkeskogsbeltet
	IKKJE EIGNA - område Område vurdert i forhold til: - verneområde - villreinområde - INON - registrert biologisk mangfald - snaufjell

5.4 Andre tema i planarbeidet

Massetak

Det er utarbeidd eit eige notat med vurderingar av massetak/ steinbrot i kommunen. Dette følgjer vedlagt. Det ligg føre fleire reguleringsplanar for steinbrot i kommunen som går fram av føresegnene. Det vert lagt inn krav om reguleringsplan i samband med etablering og utviding av massetak. Området med grønstein og metabasalt, som er nemnt i notatet om massetak, er lagt inn med hensynssone i plankart. Dette for å vise viktigheita av denne ressursen som ligg tilgjengeleg frå vegen mellom Åmot og Rauland.

Spreidd busetjing og yrkesbygg i grendene

I gjeldande arealdel ligg område i grendene som LNF – område med høve for spreidd bustad- og yrkesbygg, med krav om nærare lokalisering i høve til veg, dyrkamark osv. Ved gjennomgang av status for desse områda, syner det seg at "kvotene" i områda i liten grad er nytta. I mange høve vil dessutan aktuelle tomter for næring eller bustad ligge i andre område enn dei som er lagt ut til føremålet, men likevel vere godt eigna. Med bakgrunn i dette har ein kome fram til at spreidd utbygging i grendene, best kan handsamast som dispensasjonssaker, der kvar enkelt sak vert særskild vurdert. Det er viktig å få fram at dette ikkje inneber ei meir negativt haldning til spreidd utbygging, - det er inneber berre ein annan framgangsmåte som ein meiner vil vere minst like god. I samband med dispensasjonshandsaminga må dei ulike omsyna/ sektorinteressene vurderast. Retningsliner om dispensasjonshandsaming knytt til spreidd utbygging av bustader og yrkesbygg er med bakgrunn i dette lagt i føresegnene.

Infrastruktur, samferdsel

Kommuneplanen sin samfunnsdel – Vinje kommune 2007 – 2019 syner til satsing på ny trase Åmot – Vinjesvingen (E134), høgfartsbanen over Haukeli, samt satsing på gang- og sykkelvegar kring skular (trafikksikringsplan).

Når det gjeld ny trase for E134 Åmot – Vinjesvingen syner ein til omtale av dette i PLM – sak 09/65 med følgjande konklusjon: *"Rådmannen vil elles rå til å ta ut av arealdelen framlegg til ny trase for E134 vest for Vinjevatn. Det er ikkje full semje om denne trasèen, og det har heller ikkje vore gjennomført ein planprosess"*. Som følgje av dette har ein teke ut traseen

vest for Vinjevatn. Det er vidare lagt inn retningsline om at det må lagast egne reguleringsplanar ved omlegging av E134.

Trasè for Høgfartsbane er lagt inn som informasjon i plankartet. Eit omfattande planarbeid med utgreingar og utarbeiding av kommunedelplan/ reguleringsplanar må gjerast for å formalisere eit så omfattande anlegg.

Gang- og sykkelvegane som er prioritert i trafikksikringsplan, er vegvesenet sitt ansvar. Desse tiltaka må gjennom reguleringsprosessar, og ein har såleis ikkje teke dei med i arealdelen som er på eit veldig overordna nivå.

Eksisterande planar

Eige notat med gjennomgang av gjeldande reguleringsplanar følgjer vedlagt. Planar som skal opphevast vert varsla i samband med utlegging av arealdelen til offentleg ettersyn, og sendt dei det gjeld. Planar som framleis skal gjelde er lagt inn med hensynssone i arealdelen og går fram av føresegnene.

Byggjegranser til vatn

Eige notat om tema knytt til vassdrag følgjer vedlagt. I framlegg til arealdel vert 50 meters byggjegrænse til vassdrag vidareført. Langs hovudvasstrengen til verna vassdrag gjeld 100 meter byggjegrænse, markera som hensynssone i plankartet. I tillegg er nedslagsfeltet for verna vassdrag synt i plankart. Det er lagt inn retningsliner om dispensasjonshandsaming av saker som gjeld båtnaust.

Byggjeskikk, frådelling av tomter

Eige notat om hyttestorleik og byggjeskikk følgjer vedlagt. Dette er lagt til grunn i føresegnene. Notat med tema frådelling av hyttetomter følgjer òg vedlagt. Dette er nytta ved vurdering av innspel og utforming av føresegner.

Vidareføring av område med høve for spreidd hyttebusetnad – SH

Område som ver førre rullering av arealdelen vart lagt inn som LNF – område med høve til spreidd hyttebygging, og som ikkje er utbygde, er vidareført i framlegget til arealdel. Dette er viktig for å ha forutsigbarheit for dei områda som den gong vart lagt inn etter konkrete

innspel, etter nærare vurderingar og høyringar. Fleire av SH områda som er vidareført frå gjeldande arealdel, var igjennom omfattande konsekvensutgreiingar i 2000/ 2001 (*villrein og sårbare/ truga artar*). Dette gjaldt område kring Møsvatn, Songa – Roi, og Bykleheia. Totalt er det vidareført 90 einingar i desse områda. Ein del av desse er tomter som er frådelt med ikkje utbygde.

Utbyggingsområde Øyfjell

I gjeldande arealdel ligg det eit samanhengande byggjeområde for hytter kring store og vesle Breivatn. Området inneheld fleire hytteplanar kring vatnet, i tillegg til det som ligg som "framtidig byggjeområde". I perioden frå førre revisjon i 2003, har det ikkje skjedd utbygging i dei nye byggjeområda. Det har heller ikkje kome innspel om hyttebygging i området, berre eit innspel om to tomter. Gjeldande planar kring Breivatn er som følgje av dette vidareført, medan byggjeområdet kring resten av vatna er teke ut. Ei nærare vurderast i høve til tilkomst, friluftsinnteresser, landskap, vilt osv. jfr. tema i KU bør leggjast til grunn ved etablering av nye byggjeområde. Dette er ikkje gjort då ein ikkje har innspel om utbygging.

Klima og energi

Energianlegg i kommunen (dammar og kraftstasjonar) er lagt inn som byggjeområde i plankart.

Vinje kommune sine klima og energiplan (2010 – 2013) set krav om vurdering av alternative energiløysingar i alle reguleringsplanar. Dette er lagt inn i føresegnene. Klima og energiplanen vil elles vere retningsgjevande for kommunen si verksemd.

Auka nedbørsmengder som følgje av moglege klimaendringar, kan føre til auka fare for snøskred og jord/steinras, samt flaum. Dette må takast omsyn til ved ROS –analyser i reguleringsplanar og ved byggjesakshandsaming. Som nemnt er det gjort overordna vurderingar i høve til ROS for kvart enkelt innspel i arealdelen.

Områda som er omfatta av planarbeidet gjeld som nemnt areala utanfor sentra og dei store utbyggingsområda for fritidsbusetnad/ turistanlegg. I høve til vurdering av transportbehov har ein difor sett dette som eit lite relevant tema.

5.5 Strategi for arealbruk

Planprogrammet inneheld eit eigne punkt med drøftingar knytt til strategi for hyttebygging. I framlegg til revidert arealdel har ein lagt følgjande strategi til grunn/ kva som er vektlagt i vurderingane (KU – matrisene):

- Ikkje ta i bruk eller utvide/ fortette i område med nasjonale interesser (mørke grøne område i analysekart).
- Ikkje ta i bruk nye område i område som er relativt urørde i høve til hyttebygging, og som ligg grendenært, med jord/ skoginteresser, vilttrekk e.l. (ljose grøne område i analysekart).
- Vere varsame med å utvide hytteområde inn mot sårbare naturområde (t.d. i randområde til dei mørke grøne områda i analysekartet)
- Vere varsame med å auke hyttebusetnaden i grendene. I så fall legge dei til der det ligg hytter frå før, og i eit lite omfang.
- Vere varsame med å utvide/ fortette i eksisterande hyttefelt som ligg i bjørkeskogbeltet/ sårbart landskap.
- Ved søknader om 1 – 2 hyttetomter knytt til familie/ arv/ generasjonsskifte, har ein søkt å vektlegge dette positivt. Syner her til K-sak 07/37 om dette, der målet er fast busetjing og drift på landbrukseigedomar. Det vert òg synt til vedlagt notat om frådelling av hyttetomter.
- Vere varsame med å legge ut nye område nær større vassdrag.

Fyresdal 05.10.2010/ justert etter vedtak 1. sept. 2011.

For **AT Plan** as

Gunhild Austjord
Jordskifte kandidat

Kathrin Hinz
Sivilingeniør

Mona Gundersen
Utmarksforvaltar

6. VEDLEGG

- Plankart og føresegner
- Konsekvensutgreiingar av innspel, matrise, del 1, 2, 3, 4 og 5
- Analysekart og registreringskart
- Notat om reguleringsplanar
- Notat om massetak
- Notat om frådelling av hyttetomter
- Notat om vassdrag
- Notat om storleik på hytter, byggeskikk mm
- Sak i Plan- og miljøutvalet 09/138 – Vinje kommune sitt innspel til Regionalplan Hardangervidda
-

7. Prosess/ politisk handsaming

- ✓ **PLM – sak 10/98 – 1. gongs handsaming i planutvalet 25.10.2010, utlegging til offentleg ettersyn.**
(Planframlegg med Konsekvensutgreiingar, del 1 – 4)
- ✓ **PLM – sak 11/29 – Utlegging til 2. gongs offentlege ettersyn.**
(Handsaming av motsegner og nye innspel – KU del 5)
- ✓ **PLM – sak 11/67 – Framlegg til kommuneplanens arealdel – avgrensa høyring.**
(Revidert innspel Bjørn Fetveit, område for camping ved Våmarvatn)
- ✓ **PLM – sak 11/81 – Revisjon av kommuneplanens arealdel – slutthandsaming.**
(Inkl. vedlegg: Handsaming av merknader etter fyrste og andre gongs høyring)
- ✓ **K – styret sak 11/75 - Revisjon av kommuneplanens arealdel – slutthandsaming.**